



Imponerende turnering av J14 laget!

J14 laget til Rosendal/Uskedal har gjort ei kjempeturnering i Norway Cup. Rett nok måtte dei gje tapt for Tertnes med 1-0 i 1/8 delsfinalen, men gjennom turneringa har dei verkeleg imponert. Dei har møtt svært god motstand. Dei fleste laga dei har møtt, er 1.divisjonslag. Vi er imponert, og gratulerer med framifrå innsats!

Ettermiddagens kamp mot Tertnes var også svært jamn, og resultatet kunne ha svinga begge vegar. Sjølv med ein kamp i beina frå i føremiddag, gjorde jentene ein formidabel innsats. Dessverre for dei, var det Tertnes som fekk ballen i mål. Det skjedde på ei heading rett etter avspark i 2.omgang.

Tertnes er eit 1.divisjonslag, til liks med 3 andre lag R/U har møtt i turneringa. Det var eit jamnt godt lag så dei to laga stod godt til kvarandre, og det var spenning heilt til dommaren bles sluttsignalet. R/U hadde mellom anna ein kjempesjansje like før slutt. Rapportane fortel om blide jenter etter tapet. Det har dei all grunn til å vera. Dei bør vera stolte av innsatsen sin!

Trenar Tor Gundersen var merkeleg stille på sidelinja, og det var Tore Furdal som styrte laget. Tor brukte stort sett fingerspråk. Forklaringa er at han har tatt ut alt når han imponert har stått på sidelinja i dei tidlegare kampene. No er uskedalsbergensaren med tidvis munndiarè så godt som stemmelaus. Han og resten av trenarteamet har også god grunn til å vera stolte.

Til hausten spelar J14 laget i 1.divisjon. Det er der dei høyrer heime. Det vert mange spennande kampar mot gode lag frå Bergensområdet.

Trio sitt G14 7`ar-lag er framleis med i turneringa. dei har også imponert og kan gå heilt til topps i sin klasse. Det vert spennande å følgja dei vidare. Martin H. Arnesen spelar på dette laget.



G14 laget til Trio er framleis med i kampen om gruppesigeren. Martin H. Arnesen framme til venstre

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Tor Gundersen og IL Trio.